

RIKSANTIKVAREN
Postboks 8196 DEP
0034 OSLODato: 15.01.2018
Vår ref.: 2017/15695-2
Saksbehandlar: helmoe_
Dykkar ref.:

Statsbudsjettet 2018, kapittel 1429 post 79 verdsarv - Prosjekt Bryggen. Søknad 2018 og rapportering 2017

Søknadsbeløp 2018

For 2018 er det søkt om totalt 18,04 millionar kroner. Frå før er det tildelt 2 millionar kroner i førehandstilsegn for 2018. Hordaland fylkeskommune søker om nye 15,39 millionar kroner for 2018, slik at totalt disponibelt beløp i 2018 kan bli 17,39 millionar kroner.

Plan for overførte, øyremerka tilskotsmidlar

Det vil frå 2017 bli overført 350.000 kroner som øyremerka midlar til tre felles brannsikringstiltak som ikkje vart utført i 2017. Dette gjeld PB-205.1, PB-217 og PB-218.

For istandsettingstiltaka i Svensgården og Bredsgården gjeld at eventuelle ubrukte midlar frå 2017 vil bli overført til dei same tiltaka i 2018. Ein oversikt over eventuelle ubrukte midlar i istandsettingstiltaka vil fylkeskommunen først få med årsrapporteringa for tiltaka i 2017, som har frist 15. januar. Informasjon vil komme fram gjennom rapporteringa vår i Askeladden, etter 15. januar.

Plan for renteinntekter og overførte, omdisponerte tilskotsmidlar

Det ligg an til at overført beløp frå 2017 som kan omdisponerast til andre tiltak i 2018 vil bli om lag 370.000 kroner. Om lag 200.000 av dette beløpet gjeld ubrukte midlar i det no ferdigstilte istandsettingstiltaket i Bugården. Inkludert i beløpet som kan omdisponerast til andre tiltak i 2018 er renteinntekter i 2017 på 46.857 kroner. Renteinntekter og alle omdisponerte midlar frå 2017 vil brukast til istandsettingstiltaka i 2018. Alle omdisponerte midlar vil framkomme gjennom rapporteringa i Askeladden.

Forbruk i 2017 som blir utbetalt i kalenderåret 2018

For fleire av tiltaka blir det i desse dagar sendt inn rapportar som gjer grunnlag for utbetalingar av tilskot. Utbetalingar blir ført i Askeladden etter kvart som dei gjerast.

Midlar frå før 2017 som blir utbetalt no

Frå 2015 står det att å utbetale i underkant av 200.000,- til PB-106 Bellgården, desse midlane vil bli utbetalt ein av dei næraste dagane. Det same gjeld for tilskot frå 2016 til bygningane 5b, 4c og 4d i Svensgården, som vil bli utbetalt ein av dei næraste dagane.

Prioriteringar i 2018

Det aller meste av ramma for 2018 vil bli sett av til istandsetting. Det leggst opp til at det òg dette året skal vere to parallelle istandsettingstiltak, kor tiltaket i Svensgården blir omfattande endra i høve til istandsettingsmetode. (Den justerte istandsettingsmetoden i Svensgården får ikkje innverknad for dei årlege budsjetta til tiltaket dei neste par åra, men sluttsummen for delprosjektet vert vesentleg mindre.) Samstundes legg ein opp til tilskot til forundersøkingar for eit nytt istandsettingstiltak for i Bredsgården, for bygning 2b, som gradvis kan avløyse det noverande istandsettingstiltaket på frontbygningane i den same gardrekka.

Kapasitet og oppfølging

Fylkeskommunen har god kapasitet og kompetanse til oppfølging på Bryggen.

Kontakten med eigarane er hovudsakeleg på bakgrunn av at det gis tilskot til sikringstiltak og istandsettingstiltak. Talet på eigarar på Bryggen er ikkje større enn at ein har god oversikt og lett får kontakt dersom det er behov for det.

Vurderingar av søknader og rapportar gjerast i hovudsak av to av fylkeskommunens tilsette, med bistand frå to av fylkeskommunens bygningsvernkonsulentar. I løpet av året har ein fleire synfaringar på byggeplassane, og dialogen med arkitektar og handverkarar er god.

Når det gjeld oppfølging av tilstandsregistreringa, får einskildbygningar som er ferdig istandsett ny tilstandsgrad både på hovudtilstand og bygningsdeler. På dei bygningane som er under istandsetting er det berre hovudtilstandsgrad som blir satt (årleg), samt litt beskrivande tekst. Tilstandsgrad på bygningselement er under istandsettingsprosessen vurdert som mindre viktig å beskrive.

Måloppnåing / kritiske faktorar

Istandsettingstiltaket PB-108 Bugården vart ferdig ved årsskiftet 2016/2017, og sluttrapport er sendt inn. Istandsettingstiltaket PB-106 Bellgården vart heilt ferdigstilt hausten 2017, og sluttrapport er nyleg sendt inn.

I istandsettingstiltaket i Bredsgården er det god gjennomføringsevne og framdrift, og ein følgjer i store trekk framdriftsplanen som vart innsendt i 2016. Grunna lågare tilskot i 2017 enn tiltakshavar hadde rekna med, ligg ein for bygning 1-2a noko etter i framdrifta, men for bygning 2a ligg ein noko føre i høve til planlagt framdrift. Bygning 2a er venta ferdigstilt i løpet av 2019.

For istandsettingstiltaket i Svensgården har ein sommaren 2017 gjort omfattande endringar når det gjeld istandsettingsmetode, slik at tiltakshavar raskare kan ta bygningane i bruk. I praksis betyr den justerte metoden for Svensgården å sette dei to frontbygningane i brukbar stand utan å gå vegen om full restaurering. Strukturelt blir bygningane låst i noverande posisjon, utan jekking, oppretting eller gjenopplifting av manglande vegger, og bereevna vert i hovudsak sikra med moderne støttekonstruksjonar. Bygningane 4a og 5a blir innreidd slik at dei kan brukast, og vil opne for at allereie ferdig istandsette hus bakover i Svensgården kan takast i bruk.

Gjennom 2017 har det gått føre ein prosess for å komma fram til kostnadsreducerande tiltak i istandsettinga av Bryggen. Vi viser her til vårt brev av 6. september 2017, samt til seinare møte der Riksantikvaren har delteke (Hfk og RA 25. september, og Hfk, RA og tiltakshavarane i Bredsgården og Svensgården 30. november). Den nemnde kursendringa i Svensgården er i vesentleg grad eit resultat av dette. Retningslinene for rapportering og dokumentasjon er justert, for å gjere desse postane mindre omfattande. Framover trur vi at ein meir differensiert istandsettingspraksis, der nokre bygningar vert meir gjennomgripande istandsett enn andre, er det viktigaste grepet for å redusere kostnadene. I 2018 vil vi i

samråd med eigarane gjere ei kartlegging av kva som er aktuelle framgangsmåter for kvar enkelt av dei ikkje-istandsette bygningane, som grunnlag for ei revidert prioriteringsliste.

For alle store istandsettingstiltak på Bryggen tek det fleire år før ein kan oppnå overordna tilstandsgrad 1, grunna dei sær store skadane etter setningar og råte, og grunna den tette plasseringa av bygningane – nokre gongar òg samanbygde - som skal settast i stand.

For bygningar som får tilskot til sikring eller mellombels sikring er det svært ofte tilfellet at overordna tilstandsgrad ikkje kan oppgraderast etter at sikringstiltaket er utført. Det betyr ikkje at tiltaket på bygningen ikkje har vore vellukka, men at det totale skadebiletet på fundament og bygning tilseier at tilstandsgraden berre i liten grad kan oppgraderast.

Gjennom dei store istandsettingstiltaka opparbeider arkitektar og handverkarar seg høg kompetanse. For den største aktøren, Stiftelsen Bryggen, er prosjekteringskompetansen veldig god.

I all hovudsak er tilgangen til kvalifiserte søknader god. Dette skuldast òg den tette oppfølginga som fylkeskommunen har av Prosjekt Bryggen.

Ei utfordring i framtida vil ligge i nokre av eigarane sin kompetanse til å kunne søke om og å få gjennomført store istandsettingstiltak. Her må ein basere seg på at eigarane leigar inn personar og firma til prosjektering og utføring, då det berre er Stiftelsen Bryggen som har eigne tilsette med naudsynt kompetanse. For fleire av eigarane er det sjølv sagt òg ei utfordring i høve til økonomi, sjølv om eigendelen i Prosjekt Bryggen er låg. Det kan vere meir realistisk at eigarar ønskjer eller har høve til å starte med eit istandsettingstiltak når ein opnar opp for ein «forenkla istandsettingsmetode» slik ein no har gått over til i Svensgården. Det er i så høve positivt, men ein må samstundes vere klar over at ein då ikkje vil kunne oppgradere den overordna tilstandsgraden for ein bygning etter at tiltaket er ferdig, og vidare at ein i fleire høve berre utset utgiftene.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.